


Kommuneplanen sin samfunnsdel
2020-2032

Planprogram

Øystre Slidre kommune



Innhald

1 Innleiing	3
2 Planprogram	3
2.1 Tema og utfordringar i samfunnsdelen	4
3 Rammeverk for kommuneplanen sin samfunnsdel	5
3.1 Nasjonale føringar	5
3.2 Innlandet fylkeskommune	5
3.3 Kommunal planstrategi	6
4 Framdriftsplan og prosess	6
4.1 Framdriftsplan for samfunnsdelen	6
4.2 Framdriftsplan for næringsplanen	8
5 Medverknad	8
6 Behov for utgreiingar.....	9

1 Innleiing

1.1 Kommuneplan

Etter plan- og bygningsloven §11-1 skal alle kommunar ha ein kommuneplan. Kommuneplan er todelt, og innehalde ein samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen er Øystre Slidre kommune sitt viktigaste verktøy for heilskapleg planlegging, både med omsyn til heile kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Alle kommuneplanar og reguleringsplanar som kan ha ei stor verknad for miljø og samfunn skal ha eit planprogram, etter plan- og bygningsloven § 4-1, som eit ledd i varsling av oppstart av planarbeidet.

I Øystre Slidre kommune blei førre samfunnsdel vedteken i 2014. Arealdelelen blei vedteken i 2017. I planstrategi for 2020 – 2023 er det bestemt at både samfunnsdelen og arealdelen skal reviderast i kommunestyreperioden. I samfunnsdelen skal det utarbeidast ein næringsstrategi. Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og skal bidra til ei meir heilskapleg og berekraftig samfunnsutvikling.

Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det langsiktige og overordna styringsverktøyet, oftast spesifisert for ein 12 års periode. Her tar kommunen stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon, og blir dermed grunnlag for kommunen sitt planarbeid. Ved revidering av samfunnsdelen av kommuneplanen vil kommunestyret gjennom arbeidsgrupper mv. utvikle mål og strategiar for kommunen. For viktige satsingsområde "tunge investeringar" må samfunnsplanen vere robust og ha eit 50 års perspektiv. Skal vi få best mogleg nytte av planen må vi ta omsyn til kommunen sin økonomi. Handlingsdelen av samfunnsdelen vert revidert årleg gjennom handsaming av økonomiplanen.

Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som skal settas i verk, og kva omsyn som må takast vare på ved disponeringa av areala. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og områdeplanane vil bli leia av formannskapet, slik dette er regulert i lovverket. Arealdelen skal omfatte plankart, føresegn og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål, retningslinjer og overordna planer for arealbruk er ivaretatt. Arealdelen er til forskjell frå samfunnsdelen juridisk bindande og statlege styresmakter kan kome med motsegn til planen.

2 Planprogram

Planprogram skal førebu kommunen og politikarane på prosessen rundt ein ny samfunnsdel. Planprogrammet skal sei noko om formålet med arbeidet, tidsfristar, høyringsfristar, korleis politikarane og innbyggjarar kan medverke til planen og kvar kommunen ser for seg at det er eit behov for utgreiingar. Forslaget til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, i samband med varsling av oppstart av samfunnsdelen.

Planprogrammet er også eit planprogram for næringsstrategien, men næringsstrategien vil vere eit kapittel i sjølv kommunepanen. Det skal også utarbeidast eit underlagsdokumentet med relevant statistikk og nøkkeltal som fungere som eit underlag for heile kommuneplanen. Det er utarbeida ein eigen framdriftsplan for næringsstrategien fordi det er lagt opp til ei særleg involvering og

medverknad i denne delen av arbeidet. Prosessen rundt å utarbeide ein ny samfunnsdel er svært viktig, og vi vil difor legge vekt på å involvere råda, lag og organisasjonar m.fl.

Målet med samfunnsdelen til Øystre Slidre kommune er å:

- Få utarbeid ein strategisk næringsplan (skal inngå som eit kapittel i samfunnsdelen)
- Oppdatere kunnskapsgrunnlaget (m.a. ungdataundersøking og moglegheitstudie) og få utarbeid eit faktaunderlag med statistikk og nøkkeltal.
- Lage mål for samfunnsutviklinga.
- Lage strategiar for å nå måla for samfunnsutviklinga.
- Lage eit underlag for revidering av arealdelen. Arealdelen skal bidra til at kommunen når måla som er satt i samfunnsdelen.

2.1 Tema og utfordringar i samfunnsdelen

Gjennom arbeid i kommunestyret vil det kome fram kva tema og utfordringar kommunen skal arbeide vidare med i samfunnsdelen og lage meir konkrete målsetjingar for. I planprogrammet blir det lista opp fleire aktuelle tema og utfordringar. Det er likevel ikkje tenkt at alt skal gjennomgåast, men at kommunestyret må velje ut fleire tema.

Tema som bør kome tydeleg fram i samfunnsdelen:

- Næringsstrategien, med oppfølging av forstudien busetting, innovasjon og næringsutvikling.
- Interkommunalt samarbeid.
- FN – berekraftsmål.
- Tydelegare og meir konkrete målsetjingar og strategiar.

Visjonen til kommunen bør liggje fast over tid, og vil ikkje bli revidert no.

Etter plan- og bygningsloven §1-1 skal all planlegging fremma berekraftig utvikling. FN-sambandet definerer dette som «*ei utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å øydeleggje framtidige generasjonar moglegheiter til å tilfredsstille sine behov*». I arbeid med samfunnsdelen vil vi avklare om nokre av dei 17 berekraftsmåla skal få eit særleg fokus i planen. Det er ikkje mogleg at ein overordna kommuneplan kan famne om alle berekraftsmåla og alle er ikkje relevante for Øystre Slidre i eit lokalt perspektiv. Dei berekraftsmåla me vel ut bør spegla utfordringsbilete og utviklingstrekk i Øystre Slidre.

I planstrategien blei det lista opp fleire utfordringar i kommunen i åra framover. Desse er take med vidare og det er lagt til fleire punkter. Det er ikkje tenkt at kommunen skal gå inn på alle utfordringane gjennom samfunnsdelen, men at kommunestyret og innspel frå andre skal bidra til å velje ut nokre av utfordringane som skal få eit større fokus og bli arbeid vidare med.

Fylkeskommunen har tatt opp om det er sannsynleg med folkevekst i heile Innlandet? Skal ein planlegge for vekst i alle ledd eller planleggje for null vekst på enkelte områder? Øystre Slidre kommune er ein av få Valdreskommunar med vekst, men kva skal vi gjere for at veksten vil halde fram? Og i kva aldersgruppe vil veksten kome? Dette kan vere sentrale spørsmål kommunen og politikarar bør diskutere.

Utfordringar i kommunen:

- Planlegge for vekst eller nullvekst?
 - Folkehelse; overvekt, einsemd, mindre fysisk aktivitet m.m.
 - Færre i arbeid pr. person over 80 år.
 - Å få tak i rett kompetanse
 - Sentrumsutvikling i Heggenesområdet
 - Leilegheitsbygging til fastbuande
 - Skape gode bumiljø
 - Spreidd og/eller tett busetting.
 - VA-anlegg i hytteområda
 - Breiband eller tilsvarande til alle
 - Ekstremver
 - Ta vare på naturtypar som hemmar effekten av ekstremver og endringar i klimaet.
- Leggje til rette for ein klimavennleg kvardag
 - Hyttebygging i eit areal/miljøperspektiv
 - Turisme og vekst
 - Overgang til lausdrift – absolutt krav i 2034.
 - Rekruttering innanfor landbruket
 - Konflikt rundt arealbruk
 - Byggje vidare på gang- og sykkelstig langs fylkesveg 51.
 - Utvikling og utanforskap, større avstand mellom folk.
 - Gjer me det som er bra for oss eller halde me fram med det som me er gode på.

I førre samfunnsdel ser ein at det var sju satsingsområder; næringsutvikling, landbruk, oppvekst, folkehelse, samferdsel, bustad, kommunal tekniske tenester og idrett og kultur. Kommunestyret må bestemme kva satsingsområder som skal vera med vidare og om vi skal definere nye satsingsområder i samfunnsdelen.

3 Rammeverk for kommuneplanen sin samfunnsdel

3.1 Nasjonale føringar

Kvart fjerde år utarbeider regjeringa eit dokument med nasjonale forventingar til den kommunale planlegginga. I perioden 2019-2023 legg regjeringa vekt på at me står ovanfor fire større utfordringar:

1. å skape eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
3. å skape eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skape eit trygt samfunn for alle

Dette gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik, geografi og kompetanse. FN sine berekraftsmål ligg i botn og skal vera det politiske styringsverktøyet for å ta tak i utfordringane. Dei 17 berekraftmåla til FN omhandlar sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

3.2 Innlandet fylkeskommune

Regional planstrategi blir utarbeida av fylkeskommunen i Innlandet, og er einaste obligatoriske planverktøyet på regionalt nivå. Fylkeskommunen går i gang med arbeidet med sin regionale planstrategi i januar 2020, og skal ferdigstillast strategien i juni. Dei har fire prioriterte satsingsområder; innbyggjar, innovasjon, inkludering og infrastruktur. Innlandet fylkeskommune er ansvarleg for planen som blir utarbeidd i samråd med kommunane, statlege styresmakter,

organisasjonar og institusjonar. Det er også utarbeid mange regionale delplanar, desse planane skal ligge til grunn for kommunale planar.

3.3 Kommunal planstrategi

Den kommunale planstrategien er kommunen sin strategi for gjennomgang av nye planar eller eksisterande planar som skal reviderast. Kommunestyret skal vedta planstrategien i mars, og den legg opp til at både samfunnsdelen og arealdelen i kommunen skal reviderast i løpet av planperioden. Vidare skal rundt 20 andre planar lagast eller reviderast. Nokre er lovpålagte, medan andre er planar som legg strategiar for korleis kommunen skal arbeide vidare med ulike tema og utfordringar.

4 Framdriftsplan og prosess

4.1 Framdriftsplan for samfunnsdelen

Framdriftsplanen syner ei tidslinje for arbeidet med samfunnsdelen. Vi legg opp til at arbeidet skal startar opp mars 2020 og samfunnsdelen blir endeleg vedtatt i mars/april 2021.

Dei som skal sikre framdrift i arbeidet er ei politisk gruppe og ei administrativ gruppe.

Politisk styringsgruppe: Formannskapet er den politisk styringsgruppe, og legg utkast samfunnsdel ut på høyring.

Administrativ styringsgruppe: Rådmannsgruppa (rådmann, kommunalsjefar, økonomisjef og stabssjef) skal sikre administrativ framdrift og forankring av arbeidet med samfunnsdelen. Tenesteeiningane vil bli trekt inn i arbeidet etter behov. Kommuneplanleggaren vil gjere utgreiings- og skrivearbeidet med planen.

Tabell 1. Framdriftsplan samfunnsdelen

Oppgave	Feb	Mars	Mai	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Utkast til planprogram													
Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram		19.mars											
Høyring og offentlig ettersyn (6 veker)		19.mars	Frist 8.mai										
Fastsette planprogram				18.jun									
Opne for innspel						Frist 28.sept							
Ope møte													
Kartlegging, utgreiingar kunnskapsgrunnlag													
Utarbeide planforslag													
Temadag med KS						Før 28.sept							
Kommunestyre møte, tema:						17.sept							
Kommunestyre møte, tema:							22.okt						
Fyrste gongs handsaming i kommunestyret								19.nov					
Høyring og offentlig ettersyn (6 veker)								20.nov	Frist 30.des				
2021	Feb	Mars	Mai	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan			
Omarbeiding og supplering etter innspel													
2.gongs handsaming, og vedtak av samfunnsplan											xx.feb		
Offentleg ettersyn											xx.feb	xx.mars	
Vedtak av endeleg samfunnsplan													xx.april

4.2 Framdriftsplan for næringsplanen

Den strategiske næringsplanen vil vera eit eige kapittel i samfunnsdelen, med ein eige handlingsplan som skal oppdaterast årleg. Handlingsdelen vil oppdaterast i lag med økonomiplanen for kommunen.

Det er ønskeleg med ei sterk involvering frå næringslivet i kommunen gjennom bransjemøte for reiselivet, landbruk og bygg og anlegg.

Tabell 2. Framdriftsplan næringsplanen ut over framdriftsplanen for samfunnsdelen

Oppgåve	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov
Næringslivfrukost								
Bransjemøte – landbruk					Etter 20.aug	Før 20.sept		
Bransjemøte – bygg og anlegg					Etter 20.aug	Før 20.sept		
Bransjemøte – reiseliv					Etter 20.aug	Før 20.sept		
Opne for innspel						Frist 28.sept		
Utarbeide næringsplan								

5 Medverknad

Samfunnsdelen er underlagt medverknadskrava i plan- og bygningsloven §5-1. Opne planprosessar med gode medverknadsmoglegheiter er viktig og ynskjeleg av mange grunnar. Både forståing og eigarskap for planar i kommunen er sentralt. Realisering av planar er enklare viss flest mogleg forstår kvifor planane er viktige. Samfunnsdelen får innverknad for mange, både einkilde personar, næringsverksemdar, lag og organisasjonar. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, medrekna barn og unge. Det er viktig at flest mogleg engasjerer seg og medverkar til samfunnsdelen.

Høyring av planprogrammet vil gje høve til å påverka kva spørsmål som skal utgreiast, og i kva tema som er viktig for vidare arbeid. Vi vurderer at det ikkje er naudsynt å halde eit opent møte om planprogrammet. Vidare vil det endelege planframlegget, fylgje plan- og bygningsloven sin opne prosess, slik som andre plansaker.

Me ynskjer å nytte kommunestyremøta i 2020 til diskusjon om tema og utfordringar knytt til samfunnsdelen. På denne måten kan vi dele opp diskusjonen i fleire omgangar og leggje fram tema og ulike problemstillingar som kan vera oppe til diskusjon kvar gong.

Tiltak for medverknad:

- Aktiv bruk av kommunen si heimeside.
- Direkte kontakt med næringslivet.
- Opent kontor i høyringsperioden.
- Eigne møter med lag, organisasjonar og velforeiningar
- Møte med eldrerådet
- Møte med ungdomsrådet
- Møte med råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Opne møte i høyringsfasen.
- Møte med hyttelaga

- Bransjemøte

6 Behov for utgreiingar

Etter plan- og bygningsloven § 4-1 og 11-13 skal «*Planprogrammet til samfunnsdelen skal avklara nødvendige utredningar for dei langsiktige arealbehov, miljømessige utfordringar, utfordringar knytt til universell utforming, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon*». For nokre av utfordringane knytt til kommunen følgjer det også eit behov for utgreiingar. Nokre av desse behova er alt tatt opp i planstrategien 2020 – 2023.

Vi har gjennomført forstudien om busetting, innovasjon og næringsutvikling som eit viktig underlag for samfunnsdelen og næringsstrategien. Vi har gått i gang med ein mogleighetstudie for Heggenes/Tingvang. Rapporten blir levert av Norconsult den 1.april. Vidare skal det utførast ei ny Ungdataundersøking denne våren, inkludert 5.-7. klasse. Resultat vil truleg vera klare til sommaren, førre blei utført i 2016. Dette er viktige underlag for vidare arbeid i samfunnsdelen.

Aktuelle tema som kan ha eit utgreiingsbehov i samfunnsdelen:

- Naturmangfald
- Befolkningsprognoser
- Jordvern
- Ras og flaumfare
- Reiseliv
- Arealrekneskap
- Kulturminne
- Friluftsliv
- Sysselsetting
- Universell utforming
- Besøk
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Trafikktryggleik
- Folkehelse
- Landbruk
- Barn og unge/oppvekst
- Vassmiljø, vassforsyning og avløp
- Forureining
- Hyttestruktur
- Bustadstruktur
- Økonomiske konsekvensar for kommunen med tanke på:
 - Tekniske infrastruktur
 - Sosial infrastruktur